

Nyttårshelsing

Dagboka 31. desember 1949

Så ebbar gamleåret ut,
og tanken samlar minna.
Så mykje sælt, så lite sut
og det som var er avgjort slutt,
og kan i æva svinna.

Mitt kjære viv, eg sender deg
så mange varme tankar.
Du gav så rikt, eg kravde, eg –
var ofte tverr og vanskeleg,
no sit eg her og ankar.

Men eg skal alltid prøve på
å vere betre mot deg,
så ikkje du skal lida få
når eg vert harm og lei og brå –
når nokon ting går mot meg.

Der er så mykje herleg herk
i denne skitne verda.
Og ein lyt vere frekk og sterk
med pontlerhud, helst vill berserk,
vil ein bli med på ferda.

Men du er mild og god og varm
du gav meg mod og styrke.
Når eg fekk kvile på din arm,
eg gløymde allslags strid og harm
og motgang i mitt yrke.

Eg takkar deg for alt du gav
med vare, mjuke hender.
Ei helsing frå det store hav,
når gamleåret hallar av
til deg eg heimatt sender.

Tekst: Johan Bernt Ulla